



Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Ålesund kommune

Tilsynsdato: 16.06.2022

Rapportdato : 21.07.2022

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING .....</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG .....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING.....	3
1.3	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON .....	3
1.4	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINTRYKK.....</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>8</b>
3.1	AVVIK.....	8
3.2	MERKNADER.....	9
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>10</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt formøte før tilsynet:</b>	06.04.2022
<b>Adressa til kommunen:</b>	Keiser Wilhelms gate 11, 6003 Ålesund
<b>Kommunenummer:</b>	1507
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Helge Veum
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Trygve Winter-Hjelm
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Renate Frøyen
<b>Tilsynsrapport sendt:</b>	21.07.2022
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	01.09.2022

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå om Ålesund kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i §29 i sivilbeskyttelseslova og §10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til statsforvaltarane er det fastsett at statsforvaltaren skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og val av kommune skal vere risikobasert.

### 1.3 Grunnlagsdokumentasjon

Kommunen sendte desse dokumenta før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse for Ålesund kommune – vedtak i K-styre	17.03.2022
2.	Heilskapleg ROS-analyse for Ålesund kommune	17.03.2022
3.	Overordna beredskapsplan for Ålesund kommune – Administrativ del	17.09.2021
4.	<b>U. Off.</b> - Overordna beredskapsplan for Ålesund kommune – Operativ del	20.05.2022

5.	Revidert Planstrategi 2022	Ikkje datert
6.	Kommuneplan Samfunnsdel 2021 - 2031	14.01.2021
7.	Strategi for tenesteutvikling og nyskaping 2021 – 2024	27.05.2021
8.	Grøn strategi 2021 – 2024	27.05.2021
9.	Felles beredskapsråd saman med Giske og Sula kommunar	15.03.2022
10.	Enkel evalueringsrapport – Øving Fårikål 2019	07.10.2019
11.	<b>U. Off.</b> - Evalueringsrapport – Øving Fårikål 2021	15.11.2021

#### 1.4 Gjennomføring

Digitalt formøte med Ålesund kommune vart gjennomført 06.04.2022. Tilsynsbesøk med opningsmøte og intervju vart gjennomført 16.06.2022. Sluttmøte vart gjennomført digitalt 23.06.2022. Tabellen nedanfor viser kven som deltok.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Eva Vinje Aurdal	Ordførar	X	X	X	X
Jon Steven Hasseldal	Kommunedirektør	X	X	X	X
Anne Mette Liavåg	Kommunalsjef	X	X		X
Helge Veum	Verksemdsleiar	X	X	X	X
Åse Karin Gjære	Rådgjevar	X			
Vidar Tolås	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Ingunn Osdal Stette	Avdelingsleiar		X	X	X
Trygve Winter-Hjelm	Tilsynsleiar	X	X	X	X
Renate Frøyen	Fung. fylkesberedskapssjef		X	X	X

## 2 Hovudinstrykk

Ålesund kommune har dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta på plass. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap verkar bredt forankra i organisasjonen og godt forankra i politisk leiing.

### **Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse:**

Ålesund kommune har ny heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse frå 22.6.2022. Analysen er utarbeidd for heile den nye storkommunen med Norconsult som tilretteleggjar. Arbeidsprosessen verker å vere god, med brei deltaking og involvering.

Analysen er strukturert og oppfyller alle forskriftskrava. Analysen gir raskt ei oversikt over hendingar med høg risiko innan kvar konsekvenskategori. Det er analysert 29 uønskte hendingar, og 15 av dei har uakseptabel risiko der oppfølging er naudsynt. Den samla oversikta over forslag til risikoreduserande tiltak er god.

Den nye heilskaplege ROS-analysen utgjer eit godt kunnskapsgrunnlag og gir kommunen eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

### **Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid:**

Det er eit krav at langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er gjort på bakgrunn av heilskaplege ROS-analyse, og er forankra i styringssystemet i kommunen (t.d. kommuneplanens samfunnsdel, planstrategi, handlingsplanar, økonomiplan, osv.).

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap starta i den nye kommunen i 2020 med at heilskaplege ROS-analyse frå dei samanslåtte kommunane vart samansett. Den «samanstilte ROS-analysen» var eit utgangspunkt for arbeidet med ny og gjeldande heilskapleg ROS-analyse, og den vart lagt til grunn for langsiktige mål og strategiar for samfunnstryggleik og beredskap i m.a. kommuneplanens samfunnsdel vedtatt 14.01.2021. Det bør komme fram av styringsdokumenta at heilskapleg ROS-analyse er lagt til grunn for val av mål og strategiar.

Den heilskapleg ROS-analysen er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i åra som kjem. Framover må kommunen arbeide for at oppdatert heilskapleg ROS-analyse ligg til grunn for alt vidare arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Bruk av årshjul kan vere til hjelp for å gje oversikt og sikre systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Det er flott å sjå koplinga mellom FN sine berekraftsmål og arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Det gode samarbeidet med nabokommunane Giske og Sula gjennom krisehandtering dei siste to åra har resultert i eit felles beredskapsråd for dei tre kommunane.

### **Beredskapsplan:**

Overordna beredskapsplan er delt i administrativ del og operativ del. Administrativ del gir oversikt over roller og funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon, og skildrar prinsipp, prioriteringar og metodar kommunen legg til grunn for beredskapsarbeidet. Administrativ del er politisk forankra i kommunestyret. Operasjonell del inneheld varslingslister, skildrar verktøy og har tiltakskort til støtte i kommunen si handtering av kriser. Overordna beredskapsplan oppfyller alle minimumskrava i forskrifta.

Overordna beredskapsplan inneheld evakueringsplan, plan for befolkningsvarsling og plan for krisekommunikasjon.

Tiltakskorta i operativ del samsvarer med avdekka funn i den heilskapleg ROS-analysen.

**Oppdatering og revisjon:**

Beredskapsplanen skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum oppdaterast årleg. Heilskapleg ROS-analyse skal oppdaterast ved endringar i risiko- og sårbarheitsbilete, og minimum kvart fjerde år.

Administrativ del er oppdatert 17.09.2021. Operasjonell del er oppdatert 20.05.2022. Overordna beredskapsplan oppfyller kravet om årleg oppdatering.

**Opplæring, øving og evaluering etter øvingar og uønskte hendingar:**

Kommunen skal ha eit system for opplæring slik at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen sin krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar. Plan for opplæring er skildra i den administrative delen av beredskapsplanen kapittel 5.

Overordna beredskapsplan skal øvast minimum kvart andre år. Etter øvingar og uønskte hendingar skal kommunen evaluerer eigen krisehandtering. Beredskapsplanen slår fast at alle øvingar og hendingar som utløyser mobilisering av kriseleiinga skal evaluerast. Beredskapsplanen har også mål om årleg øving for kriseleiinga. Kommunen har vore med på Statsforvaltaren si skrivebordsøving «Fårikål» i 2019 og 2021. Begge øvingane er evaluert. Kommunen oppfyller forskriftskravet til øving.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. To forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### **Avvik nr. 1:**

Ålesund kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen gjort prioriteringar og utarbeid plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Kommunen oppfyller derfor ikkje krava i Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

#### **Utdjupande kommentar:**

I arbeidet med plan for oppfølging vil det til dømes vere naturleg å prioritere kva tiltak ein skal jobbe vidare med, konkretisere og operasjonalisere tiltak, fordele ansvar for vidare oppfølging, sette frist for oppfølging og sørge for at tiltak er forankra i styrande dokument. Tiltak som er aktuelle å gjennomføre og som krev investeringar må inn i årlege handlingsplanar/økonomiplanar. Rettleiaren frå DSB «*Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen*» gjev døme på plan for oppfølging av arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.



### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Statsforvaltaren meiner bør følgjast opp for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr.1 .**

##### **Overordna beredskapsplan:**

Beredskapsplanen skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast årleg. Endring i risikobilete, funn frå øvingar og hendingar kan gje grunn til oppdatering. Endringar i organisasjon kan også gje behov for oppdatering. Kommunen har våren 2022 vore gjennom ein større organisasjonsendring. Endringa gjev grunn til å oppdatere overordna beredskapsplan.

##### **Kommunen bør:**

- Sørge for at det også kjem fram i beredskapsplanen kva funksjon/person som har ansvar for å revidere og oppdatere administrativ og operasjonell del. Ansvarleg funksjon/person må sikrast føresetnad og mynde til å halde planen oppdatert til ein kvar tid.
- Snarast oppdatere beredskapsplanen slik at denne samsvarar med ny organisasjon. Mellom anna med omsyn til gjeldande rolle og ansvar for tidlegare rolle beredskapssjef, organisasjonskart, mv.
- Gjere plan for befolkningsvarsling meir operativ.

#### **Merknad nr.2 .**

##### **Opplæring:**

Opplæring av funksjonar i kriseleing er godt skildra i overordna beredskapsplan administrativ del. Det er uklart om systemet for opplæring omfattar andre som har ei rolle i krisehandteringa og korleis dette følgjast opp i kommunen. Til dømes opplæring av krisestaben.

##### **Kommunen bør:**

- Sikre at beredskapsplanen skildrar system for opplæring for alle som har ei rolle i kommunen si krisehandtering. Dette inneber til dømes å inkludere krisestab i plan for opplæring, og slik sikre tilstrekkeleg kvalifikasjon også for desse.

#### 4 Vidare oppfølging

Statsforvaltaren ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til Statsforvaltaren seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer Statsforvaltaren om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter Statsforvaltaren har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fungerande fylkesberedskapssjef Renate Frøyen eller rådgjevar Trygve Winter-Hjelm kontaktast:

Renate Frøyen, [fmmrrefr@statsforvalteren.no](mailto:fmmrrefr@statsforvalteren.no), 71258415 / 47605947.

Trygve Winter-Hjelm, [fmmrtrwi@statsforvalteren.no](mailto:fmmrtrwi@statsforvalteren.no), 71258598 / 99006192